



Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
012/14	Kommuneplanutvalet	01.12.2014
073/14	Kommunestyret	10.12.2014

Saksbehandlar: Ole Vikse

Sak - journalpost: 11/2164 - 14/31340

Kommuneplan 2014 - 2028

Rådmannen si innstilling:

Forslag til kommuneplan for Hå kommune for perioden 2014 – 2028 blir godkjent.

01.12.2014 Kommuneplanutvalet

Terje Mjåtvit fremja følgande forslag som han ønskte skulle følge saka:

Mange positive element og føringer i Kommuneplan for 2015 - 2028.

Det som er klart, er at Hå kommune vil få ei veldig auke av gjeld som kjem pga. store investeringar.

Det derfor heilt avgjerande å sjå på inntekter og utgifter i ein samanheng. Vi meinar derfor at det er svært viktig nå å sjå etter nye imitektskjelder for kommunen, utan å innføra eigedomsskatt. Muligheten i kommunen er derfor å leggja til rette for ein meir aktiv næringspolitikk med etablering av nye bedrifter og arbeidsplasser både på Vigrestad/ Varhaug og Nærø. Det er også viktig at allerede etablerte bedrifter får mulighet for utviding av sine bedrifter her i kommunen.

Næringsareal må aukast i planen. Plasskrevande industri til udyrka areal på Gausland v/ Jærbetong. Det må også gjerast utviding av Kviamarka næringsmiddelområde, samtidig som jordvern vert svært viktig.

Når det så gjeld nye vegløysingar, håper vi at Ringvegen på Vigrestad får ei løysing der vegen kjem ut sør for idrettsplassen i tråd med folkemøte på Vigrestad. Håper at flaum- og vassmengder har synt at bygging på Øengarden vert feil. Vi ynskjer å byggja bak Bakeren opp mot ny ringveg.

På Nærø mainar vi at alternativ B, som det var fleirtal for, er det beste. Elles vert det heilt feil å dela Pyttaskogen i to, og dermed øydeleggja det fine turområdet for folk.

Når det gjeld vegen frå Stokkelandsmarka, meinar vi at vegen bør gå rett ned til FV 44, slik som opprinneleg vedtatt i forrige kommunestyre.

Terje Mjåtveit sitt forslag fekk 3 røyster (3 NI) og falt.

Rådmannen si innstilling blei samråystes vedtatt.

KPU- 012/14 Vedtak:

Forslag til kommuneplan for Hå kommune for perioden 2014 – 2028 blir godkjent.

10.12.2014 Kommunestyret

Terje Mjåtveit fremja følgande forslag:

Mange positive element og føringar i Kommuneplan for 2014-2028

1.

Det som er klart, er at Hå kommune vil få ei veldig auke av gjeld som kjem pga store investeringar. Det er derfor heilt avgjerande å sjå inntekter og utgifter i ein samanheng. Vi meiner derfor at det er svært viktig nå å sjå etter nye inntektskjelder for kommunen, uten å innføra eigedomsskatt. Muligheten i kommunen er derfor å legga til rette for ein meir aktiv næringspolitikk med etablering av nye bedrifter g arbeidsplasser både på Vigrestad, Varhaug og Nærø. Det er også viktig at allerede etablerte bedrifter får mulighet for utviding av sine bedrifter her i kommunen. Næringsareal må aukast i planen. Plasskrevende industri til udyrka areal på Gausland v/Jærbetong. Det må også gjerast utviding av Kviamarka næringsmiddelområde, samtidig som jordvern vert svært viktig.

Fellesforslaget frå H, Frp, KRF, Sp og AP av 03.09.13, gjer at arealet vert redusert med 300 daa på Nærø og 100 daa på Varhaug

Fekk 12 røyster (11 NI + 1 Frp (PS)) og **falt**.

2.

For å spara dyrka jord på Bø, hadde Nærølista forslag om å spare Bøgarden og legge framtidig utbygging av bustadområde for Nærø aust for Opstadvegen/Indrebøvegen. Dette fekk vi ikkje fleirtal for.

Vi forslår derfor fleirtalsforslaget av 21.05.13 om arealdisponering for Nærø, Varhaug, Brusand, Ogna og Sirevåg. (alt. B)

Fekk 11 røyster (11 NI) og **falt**.

3.

A.) Vi foreslår fleirtalsforslaget av 21.05.13 om arealdisponering på Vigrestad med følgende endring: Øengarden vert teken ut av kommuneplanen og tilbakeført til landbruk. Tilsvarende areal vert lagt inn mellom Ringvegen og Langgata. Dette for å få et mer helhetlig sentrum på Vigrestad .

Fekk 11 røyster (11 NI) og **falt**.

B.) Vi vil også foreslå at området som er regulert til avfallshåndtering på Småhaugane vert omregulert til næringsareal.

Fekk 12 røyster (11 NI + 1 Frp (PS)) og **falt**.

4.

Når det gjeld nye vegløysingar, foreslår vi at Ringvegen på Vigrestad får ei løysing der vegen kjem ut sør for idrettsplassen i tråd med det som kom fram på folkemøtet.

Fekk 11 røyster (11 NI) og **falt**.

5.

Når det gjeld vegen frå Stokkelandsmarka, meiner vi at vegen bør gå rett ned til Fv44, slik som

oppriinnelig vedtatt i forrige kommunestyre.

Fekk 12 røyster (11 NI + 1 Frp (PS)) og **falt**.

6.

På Nærbø meiner vi at alternativ B, som det tidlegare var fleirtal for er det beste. Ny omkjøringsveg/langsiktig grense mot landbruk MÅ leggast utenom Pyttaskogen. Det er viktig å bevare dette flotte turområdet

Fekk 12 røyster (11 NI + 1 Frp (PS)) og **falt**.

Stein Aarsland fremja følgande forslag:

Visjon: "Me lyftar i lag"

Fekk 4 røyster (3 NI (HMG, GHV, HO), 1 KrF (SAA)) og **falt**.

Rådmannen si innstilling blei samråystes vedtatt.

KS- 073/14 Vedtak:

Forslag til kommuneplan for Hå kommune for perioden 2014 – 2028 blir godkjent.

BAKGRUNN FOR SAKA:

Kommunestyret vedtok i sak 006/14 den 16. januar 2014 å legge utkast til kommuneplan for Hå 2013 – 2028 ut til offentlig ettersyn. Det kom inn 100 merknadsbrev under høyringa. Fylkesmannen i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og Statens vegvesen hadde motseiingar til planforslaget. Merknadene og motseiingane blei behandla av kommuneplanutvalet 2. juni 2014 og 22. september 2014.

Kommuneplanutvalet vedtok å ikkje ta alle motseiingane til følgje. Det blei etter dette gjennomført to drøftingsmøte med fylkesmannen og fylkeskommunen. Ordførar, varaordførar og gruppeleiar for Nærølista deltok i desse møta. Dialogen med fylkeskommunen og særleg fylkesmannen er etter dette videreført på administrativt nivå.

Med grunnlag i vedtaka i kommuneplanutvalet og vidare samtalar med motseiingsinstansane legg rådmannen fram forslag for kommunestyret om sluttbehandling og eigengodkjenning av kommuneplanen for perioden 2014 til 2028.

Tidlegare politisk behandling

KPU 15.12.2011, sak 003/11	Vedtak om oppstart av planarbeidet.
KS 14.06.2012, sak 042/12	Forslag til planprogram og planstrategi blir lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 14.06.2012 – 31.08.2012.
KS 15.11.2012, sak 070/12	Fastsetting av planprogram og planstrategi.
KPU 03.09.2013, sak 032/13	Orientering om kommuneplanarbeidet etter møte i regionalt planforum 05.06.2013, vedtak om å utarbeide justert arealplanforslag for Nærø, Varhaug og Vigrestad.
KPU 08.10.2013, sak 037/13	Føresetnadar for befolkningsvekst i Hå, vedtak reduksjon i talet på bustader i nord blir flytta til Stokkalandsmarka og folketallet i kommunen som heilskap blir opprettholdt.

KS 16.01.2014, sak 006/14	Forslag til ny kommuneplan for Hå 2013-2028 blir lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 16.01.2014 – 07.03.2014.
KPU 29.04.2014, sak 002/14	Drøfting av motsegner etter avslutta høyring.
KPU 02.06.2014, sak 004/14	Behandling av merknader etter avslutta høyring.
KPU 22.09.2014, sak 008/14	Behandling av merknader vedkomande føresegner.
KPU 14.10.2014, sak 010/14	Orienteringssak – ny visjon blir innarbeidd i endeleg plan.

FORSLAG TIL NY KOMMUNEPLAN

Kommuneplanutvalet utarbeida i løpet av 2013 utkast til ny kommuneplan for perioden 2013 til 2028. Eit første utkast til ny kommuneplan 2013 – 2028 blei lagt fram til drøfting i Regionalt planforum 5. juni 2013. I møtet stilte fylkesmannen seg kritisk til størrelsen på avgrensinga av Nærø, Varhaug og Vigrestad. Tilbakemeldingane blei drøfta i kommuneplanutvalet 11. juni 2013 og det blei halde eit avklaringsmøte mellom fylkesmannen si landbruksavdeling og Hå kommune 22. august 2013.

Kommuneplanutvalet bad i møtet den 3. september 2013 rådmannen om å utarbeide eit justert arealplanforslag for Nærø, Varhaug og Vigrestad. Forslag til justert arealplan inneheldt redusert utbyggingsareal med derav følgjande redusert bustadutbygging på Nærø, Varhaug og Vigrestad. I møtet 8. oktober 2013 vedtok kommuneplanutvalet at reduksjon i talet på bustadar i nord, skulle erstattast av ei tilsvarende auke i Stokkalandsmarka og at planen skulle baserast på same folketalsutviklinga som tidlegare vedtatt.

HØYRING

Kommunestyret vedtok i møte 16. januar 2014 i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å legge utkast til kommuneplan for Hå 2013 – 2028 ut til offentleg ettersyn. Utkast til ny kommuneplan har ein samfunnsdel, ein arealdel med føresegner, samt ein grøntplan som følgjer kommuneplanen som eigen delrapport. I tillegg omfattar plandokumenta eit hefte med konsekvensutgreiingar og risiko- ogårbarhetsanalysar.

Planforslaget blei sendt til høyringsinstansane. Ein del grunneigarar og dei som hadde gitt innspel tidlegare i planprosessen, vart varsle om at utkast til ny kommuneplan for Hå 2013 – 2028 var lagt ut til offentleg ettersyn. Det blei kunngjort i Jærbladet, Stavanger Aftenblad og Dalane Tidende. Planforslaget var tilgjengeleg på Hå rådhus, biblioteka i kommunen og på Hå kommune sine heimesider. Interesserte kunne i tillegg få planforslaget tilsendt ved å venda seg til rådmannskontoret. Mange valte å nytte dette tilbodet.

Det blei i samband med utlegginga til offentleg ettersyn invitert til opne møte om planforslaget på Nærø, Varhaug, Vigrestad, Brusand/Stokkalandsmarka og Ogna/Sirevåg. På møta stilte kommunen med medlemmer frå kommuneplanutvalet og administrasjonen for å kunne gi best mogleg svar på dei spørsmåla som måtte koma. Det var stort oppmøte og breitt engasjement alle stadane.

Det kom inn totalt 100 høyringsuttaler. Vedlagt følgjer ei liste over alle innkomne merknader (sjå vedlegg 1). Alle merknadene er lagt ved i sin heilskap i vedlegg 2 til 11. Vedlegg 12 og 13 inneheld ei oppsummering av alle innkomne merknader med rådmannen sine kommentarar og anbefalingar.

BEHANDLING AV MERKNADER OG MOTSEGNER

Innkome merknader saman med rådmannen sine kommentarar og anbefalingar vart lagt fram for **Kommuneplanutvalet 2. juni 2014**. Utvalet gjorde følgjande vedtak i sak 004/14:

Kommuneplanutvalet vil be ordføraren ta initiativ til å drøfte med motsegnsinstansane om attståande motsegner kan trekkast, jf. pkt. 4, 5, 6, 7, 9 og 10 nedanfor. Rådmannen anbefaler at 2 personar frå utvalet i tillegg til ordfører og rådmann deltar.

Frå utvalet skal følgjande personar delta:

- Sveinung Lode

- Trond Knutsen

Kommuneplanutvalet vil med bakgrunn i innkomne merknader til forslag til kommuneplanen 2013 – 2028 tilrå følgjande endringar i planforslaget:

Tekstendringar

1. *Målformuleringane vert endra i samsvar med vedtak i utval for helse- og sosialsaker (merknad nr. 6).*
2. *Fylkesmannens merknad til fråfall i vidaregåande skule tas til følgje. Planen vert supplert med følgjande strategi: «Styrke rådgjeving og tverrfagleg samarbeid for å hindre fråfall frå vidaregåande skule» (merknad nr. 69).*
3. *Fylkesmannens merknad til samfunnstryggleik og beredskap tas til følgje. Det vert gjort nødvendige tekstlege endringar i kapittel 8 Kommunal beredskap. Endringane vil m.a. omfatte eit eige punkt om overordna beredskapsplan og underliggjande beredskaps- og kriseplanar, heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, hovudfunn i heilskapleg analyse og klimatilpassing (merknad nr. 69).*

Motsegner

Motsegner som ikkje tas til følgje:

4. *Fylkesmannens motsegn mot omkjøringsvegen rundt Vigrestad tas ikkje til følgje (merknad nr. 69). Kommuneplanutvalet ynskjer allereie nå å signalisere at ein ynskjer at vegen skal gå rundt sør for idrettspllassen på Vigrestad.*
5. *Fylkesmannens motsegn mot utviding av masseuttak på Beinskinnfjellet tas ikkje til følgje (merknad nr. 69).*
6. *Fylkesutvalets motsegn mot planens føreslårte avstandskrav på 100m mellom bustader og sandlikeiplass tas ikkje til følgje (merknad nr. 99).*
7. *Fylkesmannens og fylkesutvalets motsegn mot nytta masseuttak og utviding av eksisterande på Brusand og Ogsa tas ikkje til følgje.*

Motsegner som tas til følgje

8. *Fylkesmannens motsegn mot for lite areal til grønstruktur i Stokkalandsmarka tas til følgje og planen blir justert slik at grønstrukturarealet i Stokkalandsmarka blir auka (merknad nr. 69).*
9. *Fylkesmannens motsegn mot å vise to framtidige «moglege» masseuttak med rettsverknad tas til følgje. Områda vert merka som omsynssoner med forbod mot iverksetjing av tiltak som kan gjøre det vanskeleg med eit framtidig uttak av anortositt (merknad nr. 69).*
10. *Fylkesmannens motsegn mot føresegne 1.4.2 og 1.4.3 for fritidseigedomar tas til følgje (merknad 69).*
11. *Statens vegvesens motsegn mot ny vist tilkomst frå fv. 181 til Gausland næringsområde tas til følgje (merknad nr. 95).*
12. *Statens vegvesen fremjar motsegn dersom det ikkje blir regulert inn g/s-veg langs heile*

omkøyringsvegen på Vigrestad mellom Grønholsvegen og Rundvegen/Langgata. Motsegna tas til følgje (merknad nr. 95).

13. *Statens vegvesens motsegn mot manglende rekkefølgjekrav knytt til utbygging av Stokkalandsmarka tas til følgje (merknad nr. 95).*
14. *Fylkesutvalets administrative motsegner som gjeld manglende markering av automatisk freda kulturminne, tilvisinger i teiknforklaring, føresegner knytt til automatisk freda kulturminne og administrativ motsegn mot gang- og sykkelveg som kjem i konflikt med kulturminnefeltet med id 14414 tas til følgje (merknad nr. 99).*

Andre endringar i plankartet

Lokalisering av ny kyrkjegard på Nærbø

15. *Alternativ A blir valt for lokalisering av ny gravplass på Nærbø (merknad nr. 12).*

Gang- og sykkelveg

16. *Gang- og sykkelveg langs fv. 504 frå kommunegrensa til Tjemslands krysset blir lagt inn i samsvar med vedtak i utval for helse- og sosialsaker (merknad nr. 6).*
17. *Gang- og sykkelveg Ogsa – Brusand blir lagt på nordsida av fv. 44 fram til området ved Ogsa Camping.*

Bustad

18. *Nytt bustadfelt på Lindtjørn (Ogsa) blir tatt ut av planforslaget (merknad nr. 21 og 24).*

Kulturminne

19. *Fylkesutvalets merknad om at det må innarbeidast retningslinjer for freda nyare tids kulturminne vist som omsynssone D, tas til følgje (merknad nr. 99).*
20. *Fylkesutvalets merknad om å vise nyare tids kulturminne i vernekasse A som omsynssone C med retningslinjer tas delvis til følgje (merknad nr. 99).*
21. *Fylkesutvalets merknad om at det må innarbeidast generelle føresegner om kulturminne tas til følgje (merknad nr. 99).*

Karttekniske manglar

22. *Landskapsvernområde med biotopfredingar blir lagt inn med omsynssone H720 (merknad nr. 18, jf. merknad til karttekniske manglar i merknad nr. 69 og 99).*
23. *Fylkesmannens merknader til karttekniske manglar (omsynssoner, fuglefredingsområde, Kviamarka og høgspent) tas til følgje (merknad nr. 69).*
24. *Fylkesrådmannens merknader til karttekniske manglar (omsynssoner, fuglefredingsområde og visning av langsiktig grense) tas til følgje (merknad nr. 99).*
25. *Avinors faglege råd om å vise radiofyrt på gnr. 40 bnr. 7 på plankartet tas til følgje (merknad 69).*
26. *Fiskerihamneanlegga Sirevåg, Obrestad, Kvassheim, Madland og Vatnamotholmane blir lagt inn som fiskerihamner (FH) (merknad nr. 18).*

Føresegner

27. *Merknader om eventuelle endringar i føresegnene vil bli vurderte i eiga sak.*

Kommuneplanutvalet 22. september 2014:

Som ei oppfølging av kommuneplanutvalet si sak 004/14 «Kommuneplan 2013-2028 – Behandling av merknader» behandla kommuneplanutvalet 22. september 2014 ei sak om innkomne merknader til føresegnerne. Vedlegg 14 viser rådmannen sitt forslag til reviderte føresegner slik dei går fram av KPU sak 008/14 «Kommuneplan 2013-2028 – Behandling av merknader vedkomande føresegner».

Kommuneplanutvalet gjorde 22. september 2014, sak 008/14 følgjande vedtak:

Føresegnerne til kommuneplanen 2013 - 2028 vert godkjente med følgjande endringar:

1.6.2

For å hindre flaum, kan kommunen godkjenne, evt gi pålegg om, gjennomføring av nødvendige oppreinskingstiltak i vassdrag, jf. vannressurslova paragrafene 7, 37 og 40. For verna vassdrag skal spørsmålet leggast fram for NVE til vurdering før tiltak vert godkjent.

1.1.6 Jærhus bør bevarast.

I byggesaker der jærhus er integrert i saka kan ein godta inntil "3 hus på garden".

1.2.2

.....totale arealet ikkje overstig 70 m2.

1.4.2

For fritidsbustader maks 120 m2 BRA

1.4.3

Stryk første setning

1.5.2

.....skal det også leggast.

1.5.3

.....ikkje overstige 70 m2.

Generelt skal plbl. leggast til grunn for føresegnerne i kommuneplanen.

Kommuneplanutvalet 14. oktober 2014:

I september 2014 deltok alle leiarar og hovudtillitsvalde på ei samling der dei blei utfordra til å arbeide med felles identitet basert på kommunevåpenet og steinbukken. I møte 14. oktober 2014 hadde kommuneplanutvalet ein tilsvarande prosess der politikarane blei utfordra på det same. Etter desse prosessane står me igjen med ein felles visjon som både politikarar, tillitsvalde og administrasjon kan stå saman om:

VURDERING:

Drøfting av motsegner

Det ble gjennomført to drøftingsmøte den 22. oktober 2014 med Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune. På møta deltok ordførar Mons Skrettingland, varaordførar Sveinung Lode og formannskapsmedlem Trond Knutsen saman med rådmannen og andre representantar frå administrasjonen. Det blei etter dette gjennomført ei felles synfaring for å vurdere avgrensing av masseuttak i Varden/Bogsdalen. Det er også gjennomført eit nytt møte mellom representantar frå administrasjonen i kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen, og det er ført ei omfattande drøfting med desse etatane over telefon og e-post i ettertid. Resultatet av desse drøftingane kan kort oppsummerast slik:

Fylkesmannen i Rogaland

- trekker motseiinga mot omkjøringsvegen rundt Vigrestad.
- aksepterer ei viss utviding av masseuttaka på Brusand og Ogna, med nøyaktig avgrensing på tilsendt kart.
- aksepterer at utviding av masseuttaket i Beinskinnfjellet blir vist som omsynssone kor framtidig arealbruk skal avklarast gjennom utarbeidning av reguleringsplan.
- aksepterer at masseuttaket i kommunegrensa mot Eigersund (Hellvik) blir lagt inn i samsvar med godkjent reguleringsplan.
- aksepterer at mogleg masseuttaksområde på Lindtjørn blir lagt inn som omsynssone kor det ikkje skal gjennomførast tiltak som kan vanskeleggjere ei framtidig utnytting av anatorsittførekomstane.
- krev at detaljeringsgraden i plankartet for Stokkalandsmarka blir redusert og at grøntdraga blir vist som omsynssoner med ein breidde på 40 meter.
- krev at deira skjerpa krav til føresegner om fritidsbustadar blir tatt med i føreseggnene.

Rogaland fylkeskommune

- opprettheld motseiinga mot at det kan vere maks 100 meters gangavstand til nærlikeplass og krev at dette blir endra til 50 meter i føreseggnene.
- er einig i fylkesmannen sine konklusjonar når det gjeld avgrensing og utforming av regelverk for føreslårte masseuttak.
- opprettheld administrative motseiingar mot enkelte føresegner som omhandlar fornminne.
- opprettheld administrativ motseiing mot plasseringa av gang- og sykkelvegen langs fv 131.

Rådmannen vil tilrå at kommunen tar merknadene og løysningsforsлага frå både fylkesmannen og fylkeskommunen til etterretning og endrar planforslaget i samsvar med dette (sjå vedlegg nr. 20, 21, 22, 23 og 24). Det fører til følgjande endringar i planforslaget etter forrige behandling i kommuneplanutvalet:

Tekstendringar

- Hå kommune sin visjon blir endra til: Me løfter i lag.

Endringar i plankartet

- Masseuttaka på Brusand og Ogna blir avgrensa i samsvar med fylkesmannen si kartskisse av 19. november 2014 (vedlegg 18).
- Utvidinga av masseuttaket i Beinskinnsfjellet blir vist som omsynssone kor framtidig arealbruk skal avklaras gjennom utarbeiding av reguleringsplan.
- Masseuttaket ved kommunegrensen mot Eigersund (Hellvik) blir lagt inn i samsvar med godkjent regulerering.
- Detaljeringsgraden i plankartet for Stokkalandsmarka blir endra og grøntdraga blir vist som omsynssoner med ein breidde på 40 meter, jf. fylkesmannen sitt brev og kommentar til kartutkast av 19. november 2014 (vedlegg 17 og 19).
- Gang- og sykkelvegen langs fv. 131 som er i direkte konflikt med kulturminne med id 14414 blir lagt på sørsla av vegen, jf. brev av 11. november 2014 frå fylkeskommunen sin seksjon for kulturarv (vedlegg 15).

Endringar i føresegnene

- Føresegnene pkt. 1.4.2, 1.4.3 og 1.4.4 som gjeld fritidseigedomar er endra i samsvar med fylkesmannens krav, jf. fylkesmannen sitt brev av 27. oktober 2014 (vedlegg 16). Dette medfører m.a. at fritidsbustadar nærare landskapsvernområde enn 50 m, ikkje kan byggast større enn 60 m² og at fritidsbustadar i 100 m-sona langs sjø og vassdrag ikkje kan vere større enn 80 m².
- Avstandskravet mellom bustader og sandleikeplass blir endra frå 100 til 50 m i føresegnens punkt 1.7.2.
- Nye føresegner for dei to masseuttaka på Brusand (gnr. 101, bnr. 1) og Ogna (gnr. 100, bnr. 1) blir satt inn som punkt 1.6.3 og 1.6.4, jf. fylkesmannen sitt brev av 19. november 2014 (vedlegg 17).
- Setninga «Ved søknad om å oppføre bygning nærare listeført kyrkje enn 60 meter i spreiddbygd område, skal søknad sendast Rogaland fylkeskommune for uttale» blir stroken frå føresegnene punkt 1.1.6 (i).

Andre endringar

- Gang- og sykkelveg langs fv. 504 frå Skrettinglandsvegen til kommunegrensa blir ikkje lagt inn i planen (Jf. Kpu-sak 04/14, pkt. 16). Ei innlegging nå ville krevje ein ny høyringsrunde. Bør vurderast ved neste revisjon av komuneplanen.
- Det er utforma retningsliner for omsynssona for grøntstruktur i Stokkalandsmarka, jf. fylkesmannen sitt brev av 19. november 2014 (vedlegg 17).

KONKLUSJON

Med desse endringane føreligg det ikkje lenger motseiingar frå statlege eller fylkeskommunale etatar. Det medfører at kommunestyret kan vedta og eigengodkjenne kommuneplanen for Hå for perioden fram til 2028. Rådmannen legg med dette fram eit justert planforslag til sluttbehandling. Planforslaget er i samsvar med tidlegare vedtak i kommuneplanutvalet og er vidare justert i samsvar med avklåringar og konklusjonar etter drøftingar med Fylkesmannen, Rogaland fylkeskommune og Staten vegvesen.

Vedlegg:

Liste over alle innkomne merknader

Merknader 1 - 10 høring kommuneplan

Merknader 11- 20 høring kommuneplan

Merknader 21 - 30 høring kommuneplan

Merknader 31 - 40 høring kommuneplan

Merknader 41 - 50 høring kommuneplan

Merknader 51 - 60 høring kommuneplan

Merknader 61 - 70 høring kommuneplan

Merknader 71 - 80 høring kommuneplan

Merknader 81 - 90 høring kommuneplan

Merknader 91 - 100 høring kommuneplan

Merknadshefte med kommentarar og anbefalingar

Merknadshefte med kommentarar og anbefalingar

Forslag til reviderte føresegner

Hå kommune - kommuneplan 2013-2028 - revidert plankart og bestemmelser -

tilbakemelding fra seksjon for kulturarv

Kommentarar til føresegner Hå

Brev fylkesmannen - framlegg til løysing av motsegner til kommuneplan for Hå 2013-2028

Fylkesmannen sitt forslag avgrensing masseuttak KP Hå

Fylkesmannen sitt kartutkast med kommentar - KP Stokkalandsmarka

Kommuneplan 2014 - 2028 Grønnstruktur i Hå kommune

Kommuneplan 2014 - 2028 KU og ROS

Kommuneplan 2014 - 2028 (samfunnssdel, arealdel, føresegner og retningslinjer) 091214

09-12-2014 Uttegning Kommuneplan fremside A0 Refmålestokk10 000 SmåSkrift 1200dpi

09-12-2014 Uttegning - Utsnitt - Baksiden A0 1200dpi

Brev fra Stokkeland til fylkesmannen vedr. avgrensing av masseuttak

Kartskisse fra Stokkeland til fylkesmannen vedr. avgrensing av masseuttak

Brev fylkesmannen vedr. avgrensing av masseuttak